

Er poltergeist-fenomena tilfeldige eller kontrollerte? Ein barnehagestudie og ein reorientering av feltet

Av professor emeritus Kjell Flekkøy
Universitetet i Oslo

English summary: This article first gives a brief overview of recent research and theories on poltergeist phenomena. Then a specific case of a 3-month poltergeist outbreak in 2010 is described. This happened in a large kindergarten in a rural area in the Gudbrand valley in central Norway. The poltergeist activities were often experienced or observed by at least two grown-ups (employees or parents), and by children as well. The events suddenly stopped after a “cleansing” ritual by an elderly Christian man.

This author was appointed by the municipality to investigate the phenomena. All grown-up witnesses were interviewed. No centre-person was identified as necessary for the phenomena to happen.

The different types of physical events are described, e.g. objects flying through the air, or being manipulated. There were also different kinds of sensations, including e.g. odours, sounds, cold sensations. It is concluded that some events seem to be controlled by some kind of invisible entity with intention.

Possible physical mechanisms involved are discussed. The main enigma is what the external intentional entity may be. Based on the literature on both poltergeist and similar phenomena like haunted houses, there may be a potential for interactions between biologically dead persons and the living. However, poltergeist phenomena are not supernatural, but part of nature albeit outside our frames of knowledge.

”*Poltergeis*” (Bankeånd) er brukt om ein laust assosiert samling av fenomen, i vesentleg grad knytt til mennesker og sentrert kring fylgjande: Bevegelse, manipulering, fjerning og atfinning av gjenstandar, lyd- og lukt-opplevingar, påverknig av elektrisk utstyr, oppsetjing av branner, påverknad av mennesker og dyr – barn som vaksne (hovudpine, ubehag, solbrenning, muskulære spasmer), vatn framstår og vert kasta, stundom målretta. Meire eller mindre klare opplevingar av mennesker, nå henfarne, blir rapportert. Truleg er det frå det siste at ”ånd” i ”bankeånd” har sitt utspring. – Gjenstandane som vert flytt eller kasta kan vera av svært ulike slag og størrelse – tre, metall, stoffer, komposittar. Fenomenområdet er meire samansett enn ovanfor. Utvalet og styrken av fenomen – t.d., lydar og kraft ved kasting – varierar sterkt frå tilfelle til tilfelle.



foto: Olav Fosshakken

Sentrale trekk

Lokalitet. Fenomena er ofte observert av fleire samstundes og er lokalisert til eit

hus eller del av eit hus, men dei kan også oppstå innanfor eit større men avgrensa område utanfor hus – spontant eller med ein forhistorie over år, især som ”syner”. Dyr og barn reagerar sterkare enn vaksne, ser det ut til. Skilnaden frå ”skrømt” / ”ghost” er nok det relative fråvær av dei fysiske ”poltergeist”-fenomena i det siste tilfellet.

Interaksjon. Observasjonane viser ein tovegs interaksjon mellom mennesker og fenomen, t.d. i form av påverknad av kasting og bevegelse av gjenstandar og truleg også opphøyr eller modifisering av det totale omfang av hendingar . Gjengangar i litteraturen er ungdomar og som sentrale forankringar. Frå litteraturen og overleveringar er det like fullt sikkert at den unges nærvær ikkje er ein nødvendig eller tilstrekkeleg føresetnad for oppstart eller vedlikehald av fenomenene.

Hovudteoriar

Person-generert. Den oppfatning som synest å vera rådande nå, er at eit utval av levande menneskers mentale prosessar gjennom ”psykokinese” (William Roll, 1975) er fysisk årsak til flytting av gjenstandar og kan hende fleire av fenomenene ovanfor. Den psykiske instans er ”ubevisst” – og uavklart. Omgrepet psykokinese er fysisk utan substans; i alle høve på det storleiksnivået det her er snakk om. På subatomært nivå er det kan hende materiell effekt av ein mental faktor (Radin, o.a. 2016). Det ”ubevisste” har mange tydingar, men det er sikkert nok at det vi opplever til kvar tid einast er eit lite utval av hjernens fysiske prosessar.

Person-relatert men årsaker tilknytt ein utanforliggjande instans. Den alternative teori er essensielt denne: Utanfor den eller dei aktuelle personane eksisterar ein uidentifisert instans som kan stå i samverknad med mennesker, men som er den fysiske årsak til fenomenene. Denne instansen er så langt ikkje vitenskapleg

identifisert. Gearhart og Persinger (1986) har sett på samvariasjon med endring i det geomagnetiske feltet rundt jorda, og finn ein statistisk signifikant kopling: Det er fleire rapporterte poltergeist-episodar når feltstyrken aukar. Andre har ikkje like klart kunne påvise dette. Fleire utanforliggjande fysiske tilkoplingspunkt er ikkje funne. Problemet med denne hypotesen er at den ikkje kan forklare hendingane på andre tidspunkt; heller ikkje den store variasjonen i ytringsformer.

Litteratur

Til det informerte publikum som her er lesar, skal det ikkje berast meire kol til Newcastle enn høgst nødvendig. Litteraturen er stor og til dels gamal. Denne type fenomen ser ut til å ha fylgt vår slekt frå dei eldste tider med like ytringsformer i ulike kulturar. La det vera tilstrekkeleg å vise til eit veldig greitt utgangspunkt for orientering i Wikipedia under tittelen ”Poltergeist”. Der er også å finne ”Famous cases” med 24 i talet. Desse manglar The Amherst poltergeist (1878) og The Jacksonville Water Poltergeist (1996-97); begge tilgjengeleg via Internett eller bokleg litteratur (sjå Referanser).

Vurdering

Poltergeistfenomena, så vel som litteraturen, er del av eit større fenomenområde og dermed også eit større tematisk felt: opplevingar av henfarne mennesker (gjenferd; ”ghosts”), klarsyn (”clairvoyance” – ekstrasensoriske opplevingar), telepati, nær døden opplevingar og ”gjenfødelse”-fenomenet. Med unntak av det siste, er dette alle fenomen som mange har opplevd på samanfallande måtar – tilgjengeleg for den velkjende tilnærming ”*dette trur ein ikkje på*”, eller den opne skepsis som inviterar til større kunnskap. Forfattaren skal få hevde at denne skepsis er eit potensiale.

Sentrale utfordringar: Avklaring av_(a) fenomenene sine detaljar og validitet, (b)

den underliggjande fysikk, og (c) dei mekanismene som ligg til grunn for interaksjonen mellom poltergeist-fenomena og berørte mennesker og dyr. Den fylgjande studien vart gjennomført med desse siktemål.

Ein barnehage-studie

I ein større barnehage i Gudbrandsdalen opplevde tilsette, barn, deira pårørande, og representantar frå kommunen og Den norske kyrkje eit uvanleg rikt samansett utval av hendingar innanfor det aktuelle fenomenområdet. Hendingane var fysiske i sin natur; mellom anna kasting og manipulering av gjenstandar i fleire personars påsyn. Utgangspunktet var sparsamt: Mønsterlaging – perler og kritt – men med utvikling over kort tid til så kraftfulle hendingar at det vart vurdert å stenge barnehagen (ingen av dei ca. 30 barn vart påverka). Ein relativt brå avslutning var knytt til eit seremoniell utført av ein ”klarsynt”. Dei sentrale hendingane varde frå april til juni 2010 (1 ½ månad), men med debut år i forkant gjennom barn og vaksnes registrering i den tidlegare barnehagen av ”ein gamal mann”, uidentifisert og uklart sett; og avvikling gjennom einskildhendingar i minkande frekvens månader etter at fenomena i hovudsak opphøyde. I skrivande stund er det stille. Sentralt stod eit fire-fem personar av ein stab på 15, mellom desse dei to yngste og ein eldre (17-57 år). Underskrivne vart av kommuneleinga med tilslutning av dei tilsette bedt om å kartlegge, vurdere, og søke kunnskapsbasert forståing av fenomena – igangsett 10 dagar etter at hendingane opphøyde. Dei direkte involverte vart intervjuja enkeltvis med kryssintervjuing der fleire hadde observert hendinga samstundes; ofte med repetisjon for fastslåing av detaljar. Kommunitilsette, ein representant for Kyrkja og ein pårørande vart også inkludert, sidan dei også opplevde relevante hendingar. Alle

oppteikningar og fotografisk dokumentasjon vart gjort tilgjengeleg. Den endelege rapport vart diskutert, kommentert og framstillingane godkjend av dei tilsette før offentleggjering. Direkte, tett og repetert kontakt med dei tilsette gjennom total nær tre månader gjorde det mogleg å forme eit relativt detaljert bilete av størstedelen av hendingane med ein grunngeven tillit til validiteten av opplysningane. (Masse)suggesjon er motbevist gjennom observasjonar; psykiatriske fråvik likeså. Ingen indikasjon på bedrag eller fingert og avtalt spel: gjensidig kontroll innad i personalet. Opplysningane i rapporten og nedanfor vert gjort i tillit til at det rapporterte faktisk har funne stad.

Former for fenomen – eit utval

Generelt: Især dei to yngste av personalet vart oppfatta å vera knytt til større og sterkare aktivitet; ein av dei eldre til demping av denne. Den yngste av personalet hadde slutta straks før intervjuerien tok til, og let seg ikkje kontakte. Slik hendingane framstod, var ingen av dei mest sentrale nødvendige og tilstrekkelege delar av situasjonen.

Bevegelse av objekt. Dei fylgjande særdrag vart observert av minst to personar samstundes: Brå, eksplosiv igangsetjing av bevegelsar, ballistisk bane, brå stopping (”som om den landar i lim”); stundom normal avslutning. Gjenstandane kunne oppstå i lause lufta i augehøgde. Objekta varierte sterkt i storleik og samansetjing – metall, glas, lær, plastikk, kompositt-materiale. Opplevd som unormalt: Gjenstandar vart ofte borte – timar, dagar, for så å bli funne att på stader det tidlegare var leita.

Manipulering av objekt. A. Ein plastflaske halvfull med rensesprit ”dansa av seg sjølv og ville ha falle ned under normale forhold”. B. Vatnet i ein plastflaske vert observert ”å koke”/boble i

romtemperatur under passering av ein tilsett. C. På 1 ½ m avstand ser to av personalet ein av to Nonstop plutseleg forsvinne frå ein kake med melis og lande med eit høgt smell på golvet. Ingen merke i melislaget. D. Ein liten tavlemagnet oppstår i augehøgde med bane mot ein person, endrar brått retning og slår an mot skuldra (to observatørar). E. Ved fleire høve vert gjenstandar transportert frå eitt rom til eit anna, også frå rom med låste dører og vindauge, og direkte observerte bøyningar av banen undervegs. Gjenstandane synest å koma frå lause lufta i augehøgde, men også frå taket. E. Opning og stenging av dører, vindauge og kjøkkenkranar; uventa motstand mot stenging. Program-settingar vert endra på maskin.

Endring av objekt-karakteristika. A. Små gjenstandar kjennest varme å ta på i ca. eitt minutt i etterkant av kasting i perioden med sterk aktivitet. B. To jakker av tunt material vart ved to høve funne reist opp mot vegg (påmåla strie på gips; jakker i polyester og nylon) med einast få cm av ermane og nedkant av jakkene langs golvet. Ved eit av desse høve fann eigaren sin mobiltelefon hengande laust utanpå jakka med displayet inn. C. Glatt og rein trebit (10 x 1 cm) blir hengande etter å ha landa med eit stort smell mot boblejakke i glatt nylonstoff. Liten sandal blir funnen hengande på tilsvarande stoff. Ingen motstand mot fjerning i nokon av tilfella. Rekonstruksjon var uråd. D. Data blir fjerna frå mobiltelefonar.

Direkte sanseeffektar. A. Ubehageleg og uidentifisert lukt over sekundar til minuttar, ulikt opplevd. B. Lydar som smell, knitring, svak skraping og piping i eit av roma. C. Kuldefølelse; delar av kropp/rom. D. Hovudpine og uhyggesfølelse; især i forkant av kraftfulle hendingar. E. Etter kvart som hendingane auka i styrke og frekvens, vart to av dei mest involverte (dei yngste mellom desse)

regelmessig og etter få minutt sterkt plaga av rødme ”som ved sterk solbrenning” i ansiktet og eksponerte delar av hendene og armane – det varde nokre timar. F. Hos den yngste oppstod også sterkt ubehagelege, ukontrollerbare, kraftige og symmetriske skjelvingar av armane sekunder i forkant og vidare undervegs ved kraftfulle bevegelse av gjenstandar. G. Minst eitt barn og to av dei tilsette hadde ”syner” av kvinne og mann i heilfigur i forløpsperioden.

Episoder

Barn med muffin. Lita jente, 1½ år, påkledd for vintervær på trilletur på barnehagens område, blir sett av den tilsette brått å sitja med ein muffin av innetemperatur mellom votte-kledde hender. Ingen muffin sendt med frå heime, ingen slik gjeven henne av personalet, ingen i vogn eller klede før turen – men bestyrar hadde ettermiddagen i forkant laga muffins i barnhagen, pakka og lagt dei i frysar – der dei framleis låg (svinn blei ikkje påvist, men er tenkjeleg). Alle alternativ er nøye undersøkt.

Posisjonseffekt. Eit fleirtal av personalet over eit tidsrom på ca. 30 minutt er til stades på kjøkkenet og observerar det fylgjande: Innanfor eit område på om lag ein meter i diameter midt i romet fører flytting om lag 10 cm til ein side av tilfeldige personar til umiddelbar kasting av gjenstandar; tilsvarande flytting i motsett retning eller bakover ”synest ikkje å ha den same effekt”; dvs. i alle fall ikkje kasting. Gjenstandane er små – dispenser-nøkkel, lita kule av metall, smidd, gamal spikar (ukjend) – oppstår i augehøgde til høgre for personen, passerer og landar med eit smell i eit avgrensa område lenger framme.

Bjelle som forsvinn. Entreen til barnehagen er lys og luftig, 3,5 x 3,5 m med stor glasdør ut og opning inn til

barehagen på innsida. Over døra heng ei lita bjølle som slår an mot denne når den går opp og att. Totalt seks personar står i dette rommet med ansiktet vendt innover mot sentrum og mot kvarandre: Tre med ryggen til ytterdøra, ein langs venstre vegg (sett mot utgangen), to står litt ute i rommet der dette går over til resten av barnehagen; ansiktene vendt mot døra. Langs venstre vegg, like ved desse to, står ei lita barnevogn ved veggen. Det er stengetid, folk går, og desse seks står og snakkar saman. Det er stadig lyd frå bjølla. Brått smell eit nøkkelknippe i døra. Umiddelbart etter høyrer dei som står ved døra ein liten klemt frå bjølla ”som om kolben slår an mot godset”, og ein av dei tenkjer at ”nå får eg den i hovudet”. Personane ved døra ser opp – og bjølla er borte. Den eine av dei to som står ved vogna med ansiktet mot døra får ein ”innskytelse”, som ho kallar det, stikk handa under det vesle skinnnet som ligg vogna, og finn bjølla der. Det har gått ca. 10 sek, meiner kvinnene, frå det vesle klemtet høyrdest til bjølla vart funnen. Ingen har sett eller kjent bevegelsar i rommet straks i føreveg eller undervegs – alle kan sjå det som går føre seg i rommet. Alle involverte rapporterer uavhengig av kvarandre samanfallande observasjonar. Ingen tekniske innretningar let seg sannsynleggjera. Ingen indikasjon på samarbeid eller løgn. – Rekonstruksjon er sterkt synleg, og viser at bjølla må løftast av festekroken horisontalt. Dette framstår som ein av dei best kontrollerte situasjonar i sitt slag i litteraturen.

Diskusjon

I respekt for det skeptiske sinn: Solbrenning utan sol, gjenstandar som kastast frå den lause luft, muffin som oppstår, og bjølle som forsvinn av seg sjølv – det er grenser for all tru. Dette er reinspikka tull og i strid med vitenskapleg kunnskap – fysikk som psykologi. Så

sant, så sant (nesten da). Og verre blir det. Men kva skal ein stakkar tru? Alternativet er å leggje til grunn ein global psykose og samansvergelse (fenomena ovanfor er velkjende verda ikring), og verre: Dei er smittsame! I barnehagetilfellet var tilsettes ektefellar og barns foreldre til stades ein kveld – og vart såre snart omvendte etter eigne observasjonar, i svært sterk motstrid til sine forventningar. I intervju-samanheng: Tillit til sannferdig rapportering fyller domstolars rettskrav. Men sant er dette: Observasjonane er pre-vitskaplege data – ikkje vitskaplege. Slik har det vore i mange vitskapsgreiner; inntil situasjonane er slik avklart at fenomenane kan framkallast under kontrollerte forhold. Inntil da gjer ein klokt å fylgje eit naturalistisk spor: Søke fenomenane best mogleg dokumentert der og da når dei oppstår. Det lærer ein av.

For kort å peike på mogleg fysikk og ein grunnleggjande teori. Fysikken i hendingane ovanfor kjem til uttrykk som nødvendige instrument i realisering av fenomenane: Forflytting av gjenstandar frå A til B med lyd tilknytt er vanskeleg anna enn uttrykk for elektromagnetiske krefter. Det same gjeld påfallande stoppebevegelsar, ”solbrenning”, muskelkontraksjonar, ”koking” av vatn (450 MegaHertz gjev avspalting av oksygen) og endring av objektkarakteristika og kan hende posisjonseffekten ovanfor. Hovudpine og uhyggesfølelse kan vera ein effekt av jone-samansetjing av luft. Ikkje-sanseborne luktopplevingar vil føresetja ein lokal påverknad av hjernen. (”Poltergeist”-lydar er registrert teknisk og ser ut til å bli generert innanifrå objektet, mest truleg som effekt av varierende og kraftige magnetfelt.)

Aktivitetar som framstår som målstyrde, kontrollerte, gjer også bruk av dei same fysiske mekanismene, men kva med den kontrollerande instans sjølv? Der er juryen ute, og det er her det blir verre

for skeptikaren – og også andre. Ja, poltergeistfenomen kan vera kontrollerte; dvs. tilpassa situasjonen og styrt mot eit mål. Gjenstandar som endrar bane tilsynelatande av seg sjølve i barnehagestudien er døme på dette; muffin i barnehender og bjølle-forsvinninga likeså. Her er det ikkje lenger rom for tvil: Det ligg ein målstyrande instans bak slike fenomen. Det er på dette punkt artikkelen min ”Ein validitetsvurdering av Tom Strømnes (2013): Åndenes makt” i dette nummeret er relevant. Denne viser at det er grunn til å ta den klarsyntes rapportar på alvor. Ein referanseramme av større bredde enn hittil er også nødvendig (sjå avsnittet **Vurdering**, ovanfor). Poltergeist-fenomena er del av eit vesentleg større emneområde, både tematisk og årsaksmessig. – Her er ikkje høve til å gå inn på den omfattande litteraturen tilknytt dei ulike temaene, bortsett frå å peike serskild på samanfallet mellom Åndenes makt-observasjonane og Erlendur Haraldssons (2012) omfattande og omsorgsfullt utførte studier av kontakt med henfarne frå Island. Det same gjeld også Anne Austads (2014) nylege norske doktorgrad over same tema.

Legg ein dei klarastt kontrollerte hendingane i barnehagen og den tematiske litteraturen til grunn, støttar desse ”utanforliggjande instans”-teorien ovanfor. Det vil seia at det er ein instans utanfor den eller dei involverte personane som vert tillagt den kontrollerande og styrande funksjon, men med ein kapasitet hos denne for interaksjon med personar. Det er denne instansen dei klarsynte identifiserar som henfarne menneske— og dermed støyter an mot nær sagt alt av etablert kunnskap. Dette er eit høgt gjerde å hoppe over, fordi biologiske, levande hjerner veit ein sikkert er essensielt relatert til mentalt liv. Det er også den biologiske faktoren evolusjonen brukar som sin arena og dermed viser har primær vekt. Dette må vi ta på det største alvor i

alt teoretisk arbeid også på det aktuelle området. Skal ein gje rom for ein vidareføring av ein mental faktor etter biologisk død, slik barnehageobservasjonane og tilknytt litteratur peikar mot, må ein også føresetja ein vidareføring av den mentale faktors fysikk. Dette vil mest sentralt gjelde *kvalitetsfaktoren* ved våre opplevingar; dvs. det ”blå” i det blå, ”smerten” i smerten. Den underliggjande fysikk for denne må vera del av og integrert i den fysikk som understøttar hjernens biologiske funksjonar. Denne oppfatning av kvalitetsfaktoren (qualia) er sterkt forskjellig frå den nå vanlege ”alt er bevisstheit/consciousness”, som legg til grunn som forklart det som ventar på å bli forklart: bevisstheit. Dette er eit steg for langt for tidleg. Fysikken bak kvalitetsfaktoren ved vår bevisstheit er så langt ukjent. Det fylgjande føreset essensielt ikkje-lokalitet for kvalitetsfaktoren ved vårt medvit. Om dette er korrekt, vil det vera i tråd med nåtidig kvantefysikk.

Bygd på dei presenterte fenomen og den aktuelle litteraturen, eksisterer eit potensiale for interaksjon mellom den biologisk døde og den levande, vist ved fysisk tilpassing av aktivitet og emosjonell og til dels tankemessig kontakt med utvalde individ. Eit sentralt spørsmål er sjølvsagt den fysiske form den vidareførde (mentale) instansen har. Det mest nærliggjande er vel å tenkje på den som *informasjon*, kan hende primært romleg lokalisert og tilgjengeleg for levande hjerner som emosjonelle og stundom tankemessige opplevingar. Dette ville også opne for ein mogleg to-vegs interaksjon, der den vidareførte mentale instans kan gjera bruk av den levande hjernes evne til å tenkje og føle. Det er med andre ord ikkje nødvendig å tillegge den dodes informasjons-representasjon ein eigen, resonnerande evne. Dette er sjølvsagt einast spekulasjonar med den kunnskapen vi nå har. Det same gjeld

mekanismene til grunn for utøving av kraft, slik den kjem til uttrykk t.d. gjennom flytting av gjenstandar.

Poltergeist-fenomena er ikkje over-naturlege. Dei er del av naturen, men utanfor vår kunnskap.

Referanser

- Austad, A. "Passing Away – Passing By". A Qualitative Study of Experiences and Meaning Making of Post Death Presence. PhD thesis submitted to Norwegian School of Theology, 2014
- Carrington, H. and Fodor, N. Haunted People. Dutton, New York, 1951.
- Gearhart, L., Persinger, M.A. Geophysical variables and behavior: XXXIII. Onsets of historical and contemporary poltergeist episodes occurred with sudden increases in geomagnetic activity. *Percept. Mot. Skills.*, 1986, 62, s.463-6.
- Haraldssons, E. The Departed Among Us. White Crow Books, 2012
- Houran, J. and Lange, R. Eds.. Hauntings and poltergeists. Multidisciplinary perspectives. McFarland & Co, 2001
- Kripper, S. and Friedman, H.L. Eds.. Mysterious Minds. The Neurobiology of Psychics, Mediums and other Extraordinary People., Santa Barbara CA: Praeger, 2010
- Radin, D. Michel, L., Delorme, A. Psychophysical modulation of fringe visibility in a distant double-slit optical system. *Physics Essays*, 2016, 29(1), s.14-22
- Roll, W. Theory and Experiment in Psychical Research. Arno Press, 1975
- Strømnes, T. Åndenes Makt. Aschehoug & Co., 2013

